

Atlantis

No er eg og [Navn] djupt nede i havet og på god vei heim. Vi har vert vekke i tre månadar og har endeleg oppdaga Atlantis.

Vi hadde vert under havet i seks veker og lett etter havbyen Atlantis då det skjedde. Eg hørte eit jublande skrik frå [Navn]. Eg såg ut vindaug, og der var det rett framfor auga våras. Eg kjente ein varm glede spreie seg gjennom kroppen. Den store havbyen Atlantis, endeleg fant vi den! Før vi gjekk ut fant i oss kitt god mat og feirte. Til slutt måtte eg og [Navn] ta på oss dykkerutstyret og gå ut for å ta bilder og undersøka litt nærmare. Då såg vi det, inne i ei hule i den store byen, der satt det eit stort menneske liknande dyr. Vi visste ikkje kva det var, men [Navn] rakk akkurat å ta eit bilde av det. Plutseleg brølte det store dyret, det såg ikkje ut som han var så glad for at vi hadde funne han. Eg vart so redd at eg kjente at knea mine heldt på og dette saman. Dyret røyste seg og gav endå eit brøl.

Eg og [Navn] snudde oss og prøvde og symje vekk. Men dyret var så klart raskare enn oss, spesielt når vi hadde sånn panikk at vi nesten ikkje klarte å bevege oss. Då dyret tok oss igjen, tik han [Navn] i den eine handa og begynte å riste på ho. Eg fekk heilt panikk, eg klarte ikkje å tenke. Kva skulle eg gjer. Då slo det meg, eg tok opp det gigantiske undervanns kameraet mitt og slo dyret hardt i hovudet. Han slapp [Navn], og eg tok ho opp og heiv ho over ryggen. Eg såg bak meg for å sjå etter dyret, det såg ut som det hadde besvimt.

Eg prøvde så godt eg kunne å symje vidare men det var vanskeleg. Til slutt hadde eg nådd så langt at eg såg ubåten, og det var flaks for no var tanken nesten tom for luft. No såg eg bak meg igjen og, dyret hadde visst vakna igjen. Det kom i full fart mot oss. Eg heiv [Navn] inni ubåten, og hoppa inn sjølv, og smelte igjen døra. No kom dyret mot ubåten i full fart. Eg prøvde å få start på ubåten med det gjekk ikkje. No sto dyret og hamra i ubåten. Det lagde så høg lyd at det vekte [Navn] til live. Dyret lagde mange bulka i ubåten men, det vart heldigvis ingen andre skadar.

No fekk eg endeleg start, og kjørte i full fart. Dyret følgde etter oss ei stund, men til slutt gav det opp, og reiste heim. Så no er vi godt på vei heim og eg gleder meg til å sjå alle igjen

Helsing [Navn].